

Temakveld barn og fritidsaktivitetar 11. mars 2025

Oppsummering av innspel frå gruppene.

Spørsmåla til diskusjon var:

Kva skal til for å ta vare på det gode fritidstilbodet vi har?

Kan vi bli betre på inkludering? Kven kan bidra?

Fri eigenstyrt leik er viktig for barns utvikling. Korleis kan vi heie fram det?

Kva skal til for å ta vare på det gode fritidstilbodet vi har?

- Avhengig av både trenarar å dugnadsfolk, beholde dei og gjerne få inn fleire. Avhengig av foreldre som stiller opp.
- Man er engasjert mange plassar, stor gruppe som ikkje er engasjert noken plass – korleis fordele betre og ikkje slite ut dei som er frivillige heile tida? Må greie å formidle kvifor ein gjer det, at det er eit givande arbeid.
- Det må vere lett å finne informasjon.
- Sørge for at foreningsportalen kjem inn på infoskjermene sånn at folk finne den.
- Idrettslaga må samarbeide – bevare det samarbeidet som er.
- Byrokratiserar vi idretten? Litt for mange roller som må fyllest?
- Huske å spørje ungdomane sjølv om å bidra.
- Gje dei oppgåver. Lære dei å ta eigarskap og ansvar. Ikkje overlate dei heilt til seg sjølv, men hjelpe dei til å bli sjølvstendige.
-

Kan vi bli betre på inkludering? Kven kan bidra?

- Økonomi til å dekke treningsavgifter, meir inkludering av dei med dårlegare råd.
- Mobilfrie arrangement. Vere gode forbilder for barna. Saman om å vere saman utan mobil.
- Blande ulike aldersgrupper meir
- Det finst veldig mange gode tilbod i regi av mange ulike aktørar, vi må bli betre på å få ut info om det. Spesielt til minoritetsspråklege. Oversette info til ulike språk.
- Mat trekker folk, også ungdom og spesielt hybelungdom.

Fri eigenstyrt leik er viktig for barns utvikling. Korleis kan vi heie fram det?

- Oppfordre til å kunne komme før trening/bli igjen etter trening og henge/leike
- Fleire plassar rundt treningsområda som er tilrettelagt for å henge
- Legge til rette for fleire uorganiserte aktivitetar (eks skatepark, parkour kurs).
- Introdusere folk for litt andre aktivitetar.
- Ungdommane sjølv vil ha fleire møteplassar. Korleis lage trivselshallen som ein plass der dei kan møtast? Bruke den meir i helga?

- Fleire møteplassar, fleire sittingsoner
- At trivselshallen kan vere ein meir open plass der folk kan henge, også av og til arrangere ting der som dei som allereie henge kan vere med på (eks innebandy)
- Uorganisert ungdom omkring rundtom. Kanskje det då vil bli meir bråk i sentrum, men det må man ta med i berekninga.
- Halde på leiken i aktivitetane ved å sjølv (som vaksne) vere med å leike. Vere gode forbildet. Vise at «dame på 40 år kan også vere med å spele fotball».
- Kan man lage ein foreining for «uorganisert aktivitet». Søke om midlar for å sparke i gang aktivitetar. Målet er å inkludere dei som ikkje er interessert i organisert aktivitet.
- Før skulealder: Ikkje organisert idrett, men legge til rette for å henge i skogen/bruke uteareal og leike i lag.

Diskusjon etterpå:

- Kan ein delta på handballtrening utan å vere med på kamp? Ja, men dei fleste barn har lyst å vere med på kamp, det er foreldre som synes det tar for mykje tid.
- Turneringar: belastning for foreldre. Kanskje tenke: ein treng ikkje vere med på alt, ein kan avtale mellom foreldrene kven som skal komme på kva. Spele inn til kretsen at ein ikkje treng å konkurrere over så store avstandar?
- Inkludere foreldre som har vore med å bidra tidlegare, men som kanskje ikkje har barn i riktig alder fortsatt
- Bevare frileiken for å bevare aktivitetsgleda – viktig
- Meir samarbeid mellom idrettslaga, eks: fotballgjengen blir med på opne basistreningar av friidrettskretsen.
- Innendørs leikearena for alle aldre, også dei aller minste (eks 1-2 år). Møteplass for vaksne, leikeplass for ungane. Lagt opp til frileik.
- Fortsatt mykje inneareal som ikkje blir brukt? Kan brukast enda betre. Kan man bruke dei bygge man allerede har i enda betre grad, uten å bruke for mykje pengar på ombygging?

Konkrete ting kommunen kan følgje opp:

- Open skog, Trivselsskogen drar i gang, rekrutterer frivillege etter kvart, kommunen kan bidra med å spreie info.
- Informasjon om tilbod generelt, (og om barnetrim-tilbod spesielt). Gjere foreiningsportalen meir kjent og auke bruken.
- Sette av bane til fri leik i Trivselshagen, og finne eit egne område der foreldre og todlarar kan møtast.
- Halde fram arbeidet med nyskapande aktivitetsanlegg; sosiale sonar, aktivitetshall, uteområde.
- Hjelp frivillege lag og org med å oversette informasjon til fleire språk.

Tips til det frivillege:

- Bli flinkare til å få ungdomen sjølve til å bidra, og spørje dei kva dei vil og kva dei kan bidra med.
- Halde fram med å samarbeide, td om felles basistreningar
- Avbyråkratisere idretten? Er det for mange rollar som må fyllast? Ofte lettare å rekruttere til aktivitet enn til styrer og verv.
- Halde leiken høgt i aktivitetane, det finst kurs som både motiverar og gir gode treningar ved å bruke meir leikande aktivitetar. Vise at vaksne også kan leike, leike i lag med barna.
- Det kan vere lettare å få frivillege til aktivitetar og arenaer som ikkje krev kompetanse i idrett, som frileik på barnetrim, Open skog og liknande.

Til oppvekstplanen:

Skape arenaer for fri leik i lokale og anlegg som kommunen eig. Skape rom/tider for det i samarbeid med frivillege lag og org. Nyskapande aktivitetsanlegg og den utviklinga som er skissert for Trivselshagen vil treffe behova til familiar, barn og ungdom godt, og bidra til betre høve for fri leik og eigenstyrt aktivitet. Kommunen må også jobbe med informasjon om tilboda, og hjelpe til å løfte foreiningsportalen som ei felles plattform for ifo om fritidsaktivitetar. Halde fram å skape arenaer for samtale og diskusjon mellom foreldre, frivillege og andre som er opptatt av gode oppvekstvilkår i Gloppen.